



MØTEBOK

Møte: 3-2018
Møtedato: Onsdag 05.09.2018
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Solfrid Lønning, Elisabeth Bjørnevik, Anne Berit Hope (1. vara for Odd Kåre) og Trygve Leigland.

Elin Taranger kunne ikkje møte, og ingen av varapersonanen hadde mogelegheit.

Roald Stautland leia møtet. Elisabeth Bjørnevik hadde ord for kveld.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2018-03-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 2 – 2018 vart godkjent.

2018-03-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Det var informert om nokre personalsaker. Ny kontor, Øystein Lund Olafsen starta 1.1.2019. Feire personar i fulle stillingar. Janne Røslund og Marta Havn
2. Ein kan ikkje lenger rekne med diakonistønaden frå Bjørgvin Bispedøme. Har tidlegare fått stønad ved årsslutt. Var nemnd at ein må tenkje kreativt når det gjeld innhenting av midlar gjennom søknadar.
 - Formulere arbeid som større prosjekt.
 - Prøve med søknad til Bispedømt tross negative signal.

2018-03-03 SØKNAD FRÅ ESPEVÆR BEDEHUSKAPELL

Årsrapport frå Espevær bedehusapell vart lagt fram i sakspapira og ressursar som er brukt på Espevær frå kyrkja og kommunen vart snakka om. Ressursbruk prest, kontor kyrkjelydspeagog. Fast årleg stønad til bedehuset. Ny gravplass. 10% av kollekten frå Bømlo kyrkje. Fellesrådet vedtok difor følgjande vedtak:

Vedteke:

1. *Fellesrådet vedtek å halda tilskotet til Espevær bedehusapell uendra.*

2018-03-04 INVESTERINGSYNSKJER FRÅ SOKNERÅDA

Det vart snakka om utfordringane med ynskjelister får sokneråda, og behovet som kjem opp frå andre hald, for eksempel knytt til gravplassar m.m.

Det kom innspel på at ein i neste runde kan utforme standard «ynskjeliste-skjema» til sokneråda der sokneråda tar stilling til i kva grad ting er prekært/kritisk m.m.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet tek ynskje frå sokneråda til etterretning i vidare arbeid med investerings- og driftsbudsjett for 2019***

2018-03-05 SØKNAD OM VERNING AV GRAVMINNE PÅ FAGERVOLL

Kva kriteria som skal gjelde for gravminner som skal vernast var drøfta, og at dette er noko sokneråda må ta stilling til. Det vart snakka om reglane knytt til 60 år gamle gravminner og godkjenning for sletting av desse til fylkeskommunen. Ein bør utarbeida eit standard skjema for verving av gravminner slik at tilbakemeldinga frå sokneråda vert lik.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet sender den spesifikke saka over til Bremnes sokneråda.***
- 2. Fellesrådet ber kyrkjevevja senda utfordringa med kartlegging av potensielt verna gravminner til alle sokneråda.***

2018-03-06 VAL AV TILBYDAR, PROSJEKT LYKLING

Det vart opplyst om konkurransen om forprosjektet som vart køyrt i vår og kontrakten som vart skriven med Roger Tokle rett etter sommaren. Det vart også informert om usikkerheita som var knytt til mandatet i slike saker. Dette vil ein komme tilbake til i ei sak om delegeringsreglement og økonomireglement.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet vedtek å gi Roger Tokle forprosjektet, «Oppfyllding av gravfelt D», på Lykling kyrkjegard, og godkjenner kontrakten med Tokle.***

2018-03-07 DEKKING AV FLYTTEKOSTNADAR

I tilknytning til tilsetjing av ny kontor var det komme opp spørsmål ang. dekking av flyttekostnadar.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet vedtek å endra retningslinjer for dekking av flyttekostnadar og andre evt. utgifter ved tilsetjing for inntil 8000,-***
- 2. Tilsetjingsorganet (Admu.) får fullmakt til å vurdere dette i kart enkelt tilfelle.***

2018-03-08 INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2019 - 2022

Det vart gitt sterkt uttrykk for at ein må komme igong med planlegging av kommande prosjekt slik at ein ikkje vert liggande i bakkant når midlane er på plass.

Saka vart utsett til foreløpig prisestimat frå Roger Tokle ligg føre knytt til prosjektet på Lykling. Det har ingen ting føre seg å vedta eit investeringsbudsjett på dette tidspunktet.

2018-03-09 VAL AV KONSULENT TIL ORGELPROSJEKT I MOSTER

Leiar i orgelkomiteen hadde ei god innleiing om arbeidet orgelkomiteen har gjort med innhenting av informasjon frå mogelege konsulentar. Det vart nemnd at ein ikkje har gått lenger i arbeidet pga. orgelkomiteen sitt mandat. Det vart også snakka om prosessen vidare. Det vart også snakka litt i forhold til pris for konsulenten, og ein må sjekk ut om det er eigne tariffar på dette eller om det er grunnlag for konkurranse.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet vedtek at kyrkjeverje, formann i fellesrådet og formann i orgelkomiteen utformar oppgåvebeskriving til konsulentane.***
- 2. Fellesrådet gir kyrkjeverje, formann i fellesrådet og formann i orgelkomiteen fullmakt til endeleg val av konsulent.***

2018-03-10 KVARTALRAPPORT 2. KVARTAL 2018

Det vart opplyst om store vedlikehaldstiltaka som er gjennomført på nokre av gravplassane knytt til drenering. Dette skapar nokre utfordringa knytt til driftsbudsjettet. Det vart stilt spørsmål til utgifter knytt til Londontur og ungdommane sin eigenandel i dette. Kyrkjeverja gav uttrykk for at administrasjonen heile tid prøver å sjå heile den økonomiske situasjonen til fellesrådet i samanheng.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet tek kvartalsrapporten for 2. kvartal til vitande.***

2018-03-11 DELEGASJONSREGLEMENT

Saka vart utsett då forslaget til delegasjonsreglementet vart for generelt og ein ynskjer å sjå dette i samanheng med økonomireglementet som ikkje vart gjeve ut før møtet.

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje